

## Avdelinga

Vår avdeling tek imot hjartepasientar og andre medisinske pasientar som treng intensiv behandling og overvaking.

### *Personalet:*

Sjukepleiarane på avdelinga har anten spesialutdanning i intensivsjukepleie eller særskilt opplæring i å ta hand om kritisk sjuke. Vi har kardiolog og medisinsk assistentlege tilknytt avdelinga, og har nært samarbeid med anestesilegar og ulike medisinske spesialistar og andre yrkesgrupper som fysioterapeut, røntgen -og laboratoriepersonale.

Vi er også praksisstad for sjukepleiarstudentar og vidareutdanning i intensivsjukepleie.

Avdelingsleiar: Eli Hammer  
Seksjonsoverlege: Torstein Morstøl  
Avdelingssjef: Torstein Hole

### *Rutiner:*

Frukost	kl 08.30
Lunsj	kl 12.30
Middag	kl 16.00
Kvelds ca	kl 20.00

Legevisitt ca kl 09-12 og kl 15-16

## Pårørande

### *Besøktider*

Vi har ikkje faste besøktider i avdelinga. Av og til må vi setje grenser for at pasienten skal få nok ro og kvile, men vi er i utgangspunktet fleksible i høve til når og kor lenge dei pårørande kan vere hos pasienten.

Vi ber om forståing for at vi av og til må be besøkande om å gå ut av rommet, f.eks under stell, prosedyrer, rapport, legevisitt etc.

### *Opphald i sjukehuset:*

Dersom pasienten er alvorleg sjuk, vil pårørande ofte ha behov for å vere i nærleiken av avdelinga utover vanleg besøk. Vi strekkjer oss så langt vi kan for å imøtekomme dette.

Pårørande er velkomne til å bu på det nye pasienthotellet. Spør sjukepleiar for informasjon om prisar og bestilling.

Vi deler eit pårørandeom med kirurgisk intensivavdeling, og pårørande kan overnatte der dersom dette er ledig. Vi har også to små hyblar i Åsebøen 1 der pårørande kan overnatte. Nøkkel får de låne av sjukepleiar mot eit depositum på kr 100 som de får tilbake ved innlevering.

### *Parkering:*

Dersom du har behov for å vere mykje i avdelinga kan du få eit parkeringsbevis for sone 2 som er området rundt sjukehusblokkene. Spør personalet på avdelinga dersom du treng dette.

## Andre opplysningar

### *Informasjon:*

Som pasient har du behov for informasjon og rett til å få vite om tilstanden din og den behandlinga du får. Både lege og sjukepleiar vil svare på dei spørsmål du har. Vi kan også gi informasjon til dine aller næraste pårørande.

### *Verdisaker*

Ålesund Sjukehus tek ikkje ansvar for verdisaker. Vi ber difor om at pasienten ikkje har liggjande mykje pengar, kostbare smykker el.lign. Vi oppmodar også pårørande om å ikkje leggje att verdisaker i TV-stove eller korridor.

### *Blomster*

På grunn av allergi og infeksjonsfare vil vi ikkje ha blomster inne på pasientroma, og ber om at de tek omsyn til det.

### *Mobiltelefon*

Ålesund Sjukehus har vedteke at det ikkje er tillate å bruke mobiltelefon inne på intensivavdelingane. I vestibyle, TV-stove og på veranda er det tillate.

## Servicetilbod

I enden av korridoren ved verandaen er det ei TV-stove. Her kan du forsyne deg med kaffi og té.

Personalkantina er tilgjengeleg for pårørende i desse tidsromma:

Kvardagar kl 08-11 og 13-15.30

Laurdag og søndag: kl 09-11 og 13-14.30

Åpningstider for kiosk/kafeteria i vestibylen:

Kvardagar: kl 09-19.30

Laurdag: kl 10-18.00

Søndag: kl 12-19.30

Åpningstider for sjukehusapoteket:

Kvardagar: kl 10-16

Laurdag: kl 09-13

Sjukehuspresten

Dersom du vil ha kontakt med sjukehuspresten hjelper vi deg gjerne med det

## Nyttige telefonnummer og adresser

Direktenummer til avdelinga:  
70 10 55 13 / 70 10 55 15


Nummer til sentralbord:  
70 10 50 00

Postadresse:  
Ålesund Sjukehus  
Hjarteovervakinga/Medisinsk intensiv  
6026 Ålesund

Internettadresse:  
[www.helse-sunnmore.no](http://www.helse-sunnmore.no)



*Velkommen  
til  
Medisinsk intensiv/  
Hjarteovervakinga*



*Informasjon til deg som er  
pasient eller pårørende*

